

FAU-møte 29.4. 2021

Jappa skole kl 1800-1930

Til stades: 1. kl: Gase Handeland, 2. kl: ikkje til stades, 3. kl: Tormod Ribe Frog, 4. kl Jostein Aasen, 5. kl: Tonje R. Jørgensen, 6. kl (vara) Christiba Bjørke Berntsen, 7. kl: Magnhild Selås (referent). Frå Jappa: Åge Byklum.

1. Referat frå sist møte blei godkjent

2. 17. mai:

-Arrangement før 17. mai: Skulen lagar fridagar som skal visast via Adressa. 12. mai er det eit ønske at trinna lagar ei hyggeleg markering. FAU sponsrar is.

-17. mai: Ikkje samla arrangement, men trinna kan arrangere koronavennlege aktivitetar. Eit forslag kan vere å arrangere turbingo trinnvis på 17. mai.

-Andre moglege arrangemen i vårt: Tonje sjekkar pris på kino for heile skulen.

3. Trafikksituasjonen:

-FAU og skulen sender saman brev til skuleigar om trafikksituasjonen ved Jappa, underskrive av rektor Åge Byklum og FAU-leiar Gase Handeland. Tormod tar i tillegg kontakt med enhetsleder for kommunale tjenester Lars Ole Hansen for å følgje opp saka.

-FAU ber lærarane rygge inn på lærarparkeringa. Åge Byklum informerer lærarane.

4. Svømmeundervising:

-FAU bevilga 12000 kr til svømmeutstyr som skal vere stasjonert på skulen. Dette blei vedtatt per epost. Skulen bruker desse pengane så fort og godt som råd, slik at det er klart til sommarsesongen.

5. Eventuelt:

-Elevar som kjem på skulen med for lite straum på IPadane, bør få hjelp til å få lada, slik at alle får tilgang til dei same læringsverktøya.

-Epost frå Tomm Petter med spørsmål om dugnad. FAU er positiv, og ønsker seg dugnad med koronavennleg organisering der 1. og 4. trinn blir invitert. Leiaren melder tilbake.

-FAU ønsker at referat frå FAU-møta blir lagt ut på kommunen sine sider. Åge Byklum sender referata til kommunen.

-Neste FAU-møte onsdag 26. 5. kl 1800